

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 19.04.2006
Sakshandsamar: **Erik M. Hansen, Helse Vest IKT AS**
Saka gjeld: **Langsiktig organisering av IKT-området – Nasjonal IKT**

Styresak 047/06

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Viser til sak 058/05 behandla av styret for Helse Vest RHF i møte 27.05.2005 vedkommande Nasjonal IKT-strategi.

Helse- og omsorgsdepartementet har gjennom protokoll frå føretaksmøta i januar 2006 gitt signal om det vidare arbeidet i regi av Nasjonal IKT. Vi viser her til protokoll frå føretaksmøtet, jfr. punkt 4.3.3, her henta frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF

”Føretaksmøtet viste til det felles arbeid som er satt i gang av Nasjonal IKT. Dette fangar opp intensjonen i protokoll frå føretaksmøtet 17. januar 2005 om utgreiing av samordning av relevante tenester (jf pkt. 4.3.1). Dette arbeidet skal bli ført vidare i regi av Nasjonal IKT. Det ble streka under at dette må ha solid forankring i leiinga i alle regionale helseføretak. Samordning av både infrastruktur og applikasjonar (administrative og medisinske/kliniske) skal inngå i dette arbeidet. Nasjonal IKT skal og sikre at det blir etablert ei felles forståing og felles strategi for analyser av risiko- og sårbarheit innan IKT og iverksetting av nødvendige kompensierende tiltak.”

I denne saka er det gitt ein oppdatert status for arbeidet i regi av Styringsgruppa for Nasjonal IKT og den reviderte strategi- og tiltaksplanen er lagt fram til vedtak.

Utgreiing av langsiktig organisering av IKT-området

Styringsgruppa for Nasjonal IKT har tilrådd gjennomføringa av eit eige utgreiingsprosjekt som skal tilrå innanfor kva område det er hensiktsmessig med nasjonal samordning innan IKT-området. Møtet mellom dei administrerande direktørane i dei fem RHF-a 13.12.2004 godkjente gjennomføringa av eit slikt utgreiingsprosjekt.

Det blei i løpet av 2005 i samarbeid med HINAS gjennomført ein anbodskonkurranse for å engasjere ekstern kompetanse. Konsulentselskapet McKinsey vann anbodskonkurransen og har i perioden september 2005 til mars 2006 gjennomført forprosjektet i samarbeid med styringsgruppe og prosjektgruppe oppnemnt av Nasjonal IKT.

Styringsgruppa vedtok i møte 13.03.2006 følgjande vedrørande vidare handtering av resultatet frå utgreiingsprosjektet;

1. Styringsgruppa sluttar seg til konklusjonane frå forprosjektet for Utgreiing av langsiktig organisering av IKT-området, der det blir tilrådd ei grundigare utgreiing av scenario 1C Felles infrastruktur, scenario 3B Felles administrative applikasjonar og scenario 4B Felles utvalde

kliniske applikasjonar.

2. Styringsgruppa vil tilrå at scenario 2B blir sett i verk umiddelbart, slik at utvikling og drift av nye applikasjonar med tilhøyrande infrastruktur blir gjennomført felles for alle RHF/HF.
3. Rapporten frå forprosjektet blir oversendt til Helse- og omsorgsdepartementet til orientering og dei fem regionale helseføretaka og Sosial- og helsedirektoratet for behandling før eventuell oppstart av eit hovudprosjekt. Merknadar til rapporten skal vere behandla og oversendt til Nasjonal IKT innan **01.06.2006**.
4. Mottatte merknadar til rapporten blir behandla i Nasjonal IKT samtidig med mandat for eit eventuelt hovudprosjekt i møte 23.06.2006.

Det er lagt ved eit eige leiingsresymé for forprosjektet, jfr. vedlegg 1. Sluttrapporten for forprosjektet er i tillegg lagt ved for dei som ønskjer å setje seg ytterlegare inn i detaljane frå prosjektarbeidet, jfr. vedlegg 2.

Sluttrapporten frå prosjektet er lagt fram for behandling i møtet mellom dei administrerande direktørane for dei fem regionale helseføretaka 26.04.2006. Målsettinga med denne behandlinga er å samordne felles innstillingar til vedtak i saka. *Forslag til vedtak vil derfor bli delt ut i møte.*

Forslag til vedtak

Blir delt ut i møte.